

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.06.2016

I samband med behandling av RS 111/16 «Evaluering av organiseringa av Bybanen» stilte **Mona Røsvik Strømme (H)** spørsmål om ho var ugild fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av referatsaka. Det var 14 representantar til stades.

I samband med RS 108/16 «Vedr bruk av mellombelse tilsetjingar i Hordaland fylkeskommune» problematiserte **Silje Hjemdal (Frp)** fylkeskommunen si praktisering av arbeidsmiljølova sin §14-9 om bruk av mellombelse tilsetjingar slik lova var før endringa 1. juli 2015. Fylkesrådmannen presiserte at fylkestingsvedtaket frå mars 2016 står fast.

I samband med RS 97/16 «Svar på oversending - praksis for bruk av vaskebil ved forureina luft» opplyste **Tom Sverre Tomren (MDG)** at han hadde fått tips om at vaskinga særleg vert gjort i nærleiken av målestasjonar, og spurde om dette var riktig. Fylkesrådmannen svarte at dette ryktet var heilt ukjend for fylkeskommunen.

I samband med RS 102/16 «Svar på spørsmål frå Tom Sverre Tomren (MDG) i fylkesutvalet 19.05.16» spurde **Tom Sverre Tomren (MDG)** om atomberedskapen var god nok. Fylkesrådmannen gjorde greie for ansvarsdelinga mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen når det gjeld atomberedskap.

I samband med RS 105/16 «Regional satsing 2017-2019» meinte **Tom Sverre Tomren (MDG)** at «Det grønne skiftet» var fråverande. Fylkesdirektør regional utvikling påpeikte at meldinga gjeld Noregs forskingsråd sine satsingar. Han viste til at Regionalt forskingsfond Vestlandet sin strategi er prega av «Det grønne skiftet» og at fylkesutvalet vil få framlegg til prosjekt i oktober.